



Arkivnr: 2017/1282-8

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

### Saksframlegg

## Saksgang

Utval  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Fylkesutvalet

Saknr.

Møtedato  
22.03.2017  
30.03.2017

## Tilskot til utbygging av breiband

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har sett av inntil 3 000 000 kr øyremerkt som tilskot til utbygging av infrastruktur for breiband i område av fylket der det ikkje er kommersielt interessant å bygge ut. Tilskotsordninga er finansiert med restmidlar frå perioden fram til 2013 då Hordaland fylkeskommune fekk tildelt eigne breibandmidlar over statsbudsjettet. Ein statusjennomgang no når dei fleste prosjekta er ferdig utbygd, viser at nokre prosjekt vart billegare enn berekna og nokre prosjekt vart realisert utan at det var behov for tilskot. Desse restmidlane vert no tildelt til nye prosjekt, som ikkje har nådd opp i konkurransen om dei nasjonale tilskotsmidlane til NKOM.

Alle kommunane i Hordaland vart invitert til å søkja om tilskot 11. november 2016. Då søknadsfristen gjekk ut 31. januar 2017 hadde Hordaland fylkeskommune motteke seks søknader frå dei fire kommunane Vaksdal, Masfjorden, Samnanger og Lindås.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar slik fordeling av tilskot til utbygging av infrastruktur for breiband:

Masfjorden Reknes	315 000 kr
Masfjorden – Giljane	266 000 kr
Samnanger – Rolvsvåg Saga	1 000 000 kr
Vaksdal	1 419 000 kr
<b><u>Samla</u></b>	<b><u>3 000 000 kr</u></b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 08.03.2017**

## 1. Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har sett av inntil tre millionar kroner øyremerkt som tilskot til utbygging av infrastruktur for breiband i område av fylket der det ikkje er kommersielt interessant å bygge ut. Midlane skal nyttast til å tryggje at husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda. Prosjekt som søker tilskot frå ordninga må følgja regelverket for offentlege innkjøp og unngå konkurransevriding, samt sikre at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Tilskotsordninga er finansiert med restmidlar frå perioden fram til 2013 då Hordaland fylkeskommune fekk tildelt eigne breibandmidlar over statsbudsjettet. Ein statusjennomgang no når dei fleste prosjekta er ferdig utbygd, viser at nokre prosjekt vart billegare enn berekna og nokre prosjekt vart realisert utan at det var behov for tilskot. Desse restmidlane vert no tildelt til nye prosjekt.

Alle kommunane i Hordaland vart invitert til å søkja om tilskot 11. november 2016. Då søknadsfristen gjekk ut 31. januar 2017 hadde Hordaland fylkeskommune motteke seks søknader frå fire kommunar.

## 2. Kriteria for å søkja om tilskot

Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn fylgjande mål, prinsipp og prosess knytt til utbygginga:

- Utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband skal prioriterast. Når alle har fått tilbod om breiband skal midlane prioriterast til å auka kapasiteten på nettet i områder som elles ikkje vil bli utbygd av kommersielle aktørar.
- Fiberprosjekt vert den prioriterte satsinga.
- Det er ein føresetnad at kommunane og/eller andre aktørar er med og finansierer aktuelle prosjekt og tiltak. Dette skal dokumenterast i form av intensjonsavtaler eller politiske vedtak i kommunen. Kommunen skal stå som ansvarleg søker for utbyggingsprosjektet, men utbygginga kan gjerne skje i samarbeid med andre privateigde eller offentlege selskap.
- Det er også mogleg for andre aktørar å søkja på vegne av fleire samarbeidande kommunar. I slike tilfelle er det ein føresetnad med bindande avtaler mellom kommunane og utbyggjar.
- Nett som vert etablert må vera opne, dvs. tillate konkurranse på tenester og innhald.
- Midlane skal nyttast til utbygging av ny infrastruktur, og ikkje til drift.

Når det vert søkt om tilskot til breibandutbygging skal det leggjast til grunn ein dekningsanalyse som gjer greie for kor mange husstandar som ikkje er knytt til breiband, og ein oversikt over kva kapasitet det er på tilgjengeleg breiband. Utbygging i «kvite område» har høgast prioritet. Kommunar som søker om tilskot må dokumentera at dagens dekning eller kapasitet ikkje er god nok. I tillegg har ESA retningslinjer for korleis offentlege tilskot kan sikra raskare breibandutbygging i samsvar med EØS-avtala. Det er stort handlingsrom ved utbygging i område der det ikkje fins breibandtenester i dag, såkalla «kvite område». Områder med god dekning og konkurranse blir kalla «svarte område». Her er offentleg tilskot ikkje i tråd med EØS-avtala.

Støttenivået er normalt inntil 35 % av godkjente prosjektkostnader. I særskilte tilfelle kan det vere aktuelt med eit høgare støttenivå basert på ei konkret vurdering av den aktuelle søknaden. Tiltak og prosjekt som er klare for oppstart i 2017 vil bli prioritert.

### 3. Oversikt over søknadene

Søkjar	Søknadssum	Totalprosjekt	Tilskot	Vurdering
Vaksdal	2 333 333 (70,7 %)	3 301 625	1. 419 000 (21,5%)	Mobilmast på Vardafjellet på Osterøy. Godkjent dekningsanalyse frå NKOM. Bustader i Stamnes-området som i dag har dårleg eller ingen dekning. Dette gjeld mellom anna Kalland, Hesjedalen, Stamnesfet, Øyane, Vik og Straume. Avtale med BKK og Telenor. Prosjektering og igangsetting i 2017/2018. Handsama i Formannskap og plan- og økonomiutvalet 29.08.2016. Telenor Mobil AS og BKK nett. Dekningskart frå NKOM.
<u>Masfjorden</u> Indre Haugsdal	400 000 (38 %)	1 042 000	Avslag	Restfinansiering av ferdig utbygd mobilprosjekt. Søknaden er mangelfull. Avslag
<u>Masfjorden</u> Giljane Skjelsundet	266 000 (33 %)	800 000	266 000 (33%)	Målet er at til saman 28 bustader vil få breiband i løpet av prosjektperioden 2017/2018. Godkjent dekningsanalyse. Saka er forankra i kommunestyrevedtak 069/2016 i møte den 28.09.2016. Dialog med Telenor i høve til framtidig drift og som kvalitetsikrar.
<u>Samnanger</u> Rolvsvåg Saga	1 000 000 (33%)	3 000 000	1 000 000 (33%)	Det er i alt om lag 85 hus, verksemder og hytter i området. Ikke tilbod om høgkapasitets breiband i området. Godkjent dekningsanalyse. NKOM sitt dekningskart. Prioritert i Samnanger sin kommuneplan. Kontakt med BKK, Telenor og Kvamnet AS. Ferdig utbygd i 2017
<u>Masfjorden</u> Reknes	315 000 (35 %)	900 000	315 000 (35%)	Breiband til bygda Rekneset og til bedrifta Reknes Byggjevare. Til saman 26 bustader/ våningshus og eit par hytter, samt ei bedrift med ca 10 tilsette. Telenor har prosjektert utbygginga og vil venteleg koma med forpliktande tilbod. Oppstart hausten 2017 og fullføring av utbygging vert 31. 01. 2018. Saka er forankra i kommunestyrevedtak.
Lindås	3 000 000 (15 %)	19 462 000	Avslag	Identisk søknad er tidligare sendt NKOM og har allereie fått kr 9.192.500,- i tilskot i 2016. Søknaden gjeld i hovudsak auka kapasitet. Avslag.
<b>Totalt</b>	<b>7 314 333</b>	<b>28505625</b>	<b>3 000 000</b>	<b>Til rådvelde 3 000 000</b>

### 4. Vurdering av søknadene

Hordaland fylkeskommune har 3 000 000 kroner til fordeling. Etter ein gjennomgang av dei seks søknadene har fylkesrådmannen gjort følgjande vurderinger og prioritering:

- Søknaden frå Masfjorden – Indre Haugsdal om restfinansiering av eit ferdig utbygd mobilprosjekt er mangelfull og vert avslått. Kommunen har allereie fått løying til prosjektet, men har ikkje levert sluttrapport. Det står difor igjen 276 875 kroner som sluttutbetaling. Hordaland fylkeskommune kjem her til å fortsetja dialogen med kommunen for å få revisorgodkjent rekneskap og sluttrapport.
- Søknaden frå Lindås er svært omfattande og er har allereie fått 9,2 mill. kroner i tilskot frå NKOM. Tilleggsloyving frå Hordaland fylkeskommune er problematisk i høve ESA sitt regelverk for bagatellmessig støtte. Avslag.
- Søknaden frå Samnanger og to av søknadene frå Masfjorden tilfredsstiller krava som vart stilt i utlysinga. Alle dei omsøkte områda manglar i dag breibanddekning.

- Restbeløpet på 1 419 000 kroner vert tildelt Vaksdal. Sjølv om fiberprosjekt skal prioriterast i fylgje Hordaland fylkeskommune sine tidlegare vedtekne mål, prinsipp og prosess knytt til breiband-utbygging, skal tilskotsordninga i fylgje nyare reglar frå ESA vera teknologinøytral. I dette prosjektet er det ikkje aktuelt med fiberframføring på grunn av økonomi og topografi.

Masfjorden Reknes	315 000 kr
Masfjorden – Giljane	266 000 kr
Samnanger – Rolvsvåg Saga	1 000 000 kr
Vaksdal	1 419 000 kr
<b><u>Samla</u></b>	<b><u>3 000 000 kr</u></b>

•